

## PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FONNA HF

**STAD:**                    Haugesund sjukehus  
**MØTETIDSPUNKT:** 29.09.17 kl. 09.00 – 14.30

**Styremøte var ope for publikum og presse**

---

### DELTAKARAR FRÅ STYRET

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
Brian Bjordal	Nestleiar
Liv Kari Eskeland	Medlem
Solfrid Borge	Medlem
Hilde Brit Christiansen	Medlem
Gunnar Birkeland	Medlem
Nina Budal	Medlem
Pål Osjord Midbøe	Medlem
Helge Espelid	Medlem
Tove Martha Callaghan	Medlem

### DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Olav Klausen	Administrerande direktør
Margareth Langebro	Kommunikasjonssjef
Ingebjørg Kismul	Administrasjonssjef

**SAKLISTE**

Sak 57/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak 58/17	Godkjenning av protokoll 19.06.17
Sak 59/17	Administrerende direktør si orientering
Sak 60/17	Rapport frå verksemda
Sak 61/17	Risikorapportering 2. tertial
Sak 62/17	Riving av bygningar
Sak 63/17	Utviklingsplan Helse Fonna HF
Sak 64/17	Årsplan for styret i Helse Fonna 2018

**UNDERLAG**

Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt

## Saker til orientering

Sak 65/17	Forskning og innovasjon i Helse Fonna	Vedlagt
Sak 66/17	NPE- saker i Helse Fonna	Vedlagt
Sak 67/17	Eventuelt Skriv og meldingar	Vedlagt

---

**Sak 57/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden****Vedtak [samrøystes]**

Innkalling og dagsorden ble godkjent

**Sak 58/17 Godkjenning av protokoll frå styremøte 19.06.17****Vedtak [samrøystes]**

Styret godkjente og signerte protokoll frå styremøte 19.06.17

**Sak 59/17 Administrerende direktør si orientering****OPE DEL****1. Rapportering tilsynssaker**

Administrerende direktør viste til vedlagt notat

**2. Oversikt over aktuelle høyringar**

Administrerende direktør viste til vedlagt notat

## **2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav**

Administrerende direktør viste til vedlagt notat

## **4. Innlegg ved forskar**

Overlege og professor Bjørn Egil Vikse presenterte forskingsprosjektet

«Er risiko for nyresykdom bestemt før du er født ?»

## **5. Bygg Haugesund2020**

Prosjektleder ByggHaugesund2020 Laila Nemeth presenterte en statusmelding og plan vidare for ByggHaugesund 2020. I tillegg ble det orientert om at ByggHaugesund2020 er like mye en stor endringsprosess som en byggprosess

## **6. Nasjonale kvalitetsindikatorar**

Fagdirektør Haldis Ø. Lier presenterte nasjonale kvalitetsindikatorar(NKI). Resultatet for Helse Fonna per 3.tertial 2016 blei presentert og det blei vist til ulike døme.

## **7. Prosess for organisering og leiding i Helse Fonna**

Justine Koløen , rådgivar personal og organisasjonsutviklingseksjon HR Helse Fonna orienterte om prosess for leiding og organisering i Helse Fonna. Prosessen er så vidt starta, første samling er 20.10.17. Modell for organisering vil bli vedteken etter at utviklingsplanen er handsama av styret i Helse Fonna HF

### **Lukka del**

#### **8. Avvikssak**

Orientering i møtet

Lukka etter Helseføretakslova § 26a, andre ledd, punkt 1

Administrerende direktør orienterte om kjent erstatnings sak som nå er godkjent av partane.

#### **9. Anskaffingsprosessar ambulansesbåt, Helseekspress og drosjeavtalar**

Orientering i møtet.

Lukka etter Helseføretakslova § 26a, andre ledd, punkt 5

Klinikkdirektør Anne Hilde Bjøntegård orienterte om status for anskaffingsprosessane og erfaringar så langt.

#### **10. Sal av eigedom**

Orientering i møtet.

Lukka etter Helseføretakslova § 26a, andre ledd, punkt 5

Administrerende direktør orienterte styret om at det igjen er dialog med Odda kommune om sal versus leige av Odda sjukeheim.

## **11. Administrerende direktør melde ei ny sak til Administrerende direktør si orientering.**

Administrerende direktør orienterte styret om at han skal lede eit nasjonalt prosjekt «Fremtidens tariffavtaler», etablert av dei fire administrerende direktørane i RHF ene.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret tek meldingane til orientering

### **Sak 60/17 Rapport frå verksemda**

#### **Oppsummering**

Klinikkdirektør økonomi Jan Håvard Frøyland presenterte «Økonomi august Status, tiltak og prognose»

Resultatet de siste 3 månedane er 40,2 millionar kroner lågare enn budsjettert. Frå juni til august er budsjettavviket for ISF- inntekter på 15,8 millionar kroner. Det er en markert auke i legemiddelkostnader frå juni. Budsjettavviket for legemidlar frå juni til august er 11,7 millionar kroner. Frå juni til august er budsjettavviket for overtid og innleie på 20,4 millionar kroner. Det ble informert om tiltak som er sendt ut til leiarane i Helse Fonna og tiltak frå klinikkane hausten 2017. Det ble gjort reie for tiltak med positiv økonomisk effekt som vurderas i budsjettprosessen for 2018. Årsprognosen for 2017 er på bakgrunn av resultatet hittil i år, satt ned til 30 millionar kroner.

I sommar har det vore monaleg færre pasientar innlagd i seng. Aktiviteten på poliklinikkane har vore høgare planlagd. Dette er for pasientane og føretaket ei ønskja utvikling, men det verkar inn på inntekter.

Gjennomsnittleg ventetid for alle behandla pasientar var 64 dagar. Somatikk 65, psykisk helsevern vaksne 46, BUP 76, rus 53.

112 pasientar blei behandla etter fristen gjekk ut i august. 43 pasientar på ventelistene har ikkje fått time innan fristen som er sett. Det er innan lungesjukdommar på Stord det er flest fristbrot for ventande.

22 pasientar hadde venta meir enn eitt år. Fire av fem epikriser blei sendt innan fristen på sju dagar.

37 somatiske pasientar låg til saman 110 døgn i sjukehusa og venta på eit kommunalt tilbod.

To prosent av sengedøgna i somatikken var i snitt på korridor i månaden. Talet er det lågaste på lenge.

Likviditetsoversikten ved utgangen av månaden viser ein disponibel likviditet på 572millionar kroner, noko som er ei forbetring på 69millioner kroner i forhold til førre månad. Prognosen for 2017 viser ein gjennomsnittleg disponibel likviditet på 503,1 millionar kroner.

Sjukefråveret i august var på 6,4 prosent.

Styret var uroa over det økonomiske resultatet så langt i år. Styret diskuterte årsaker og mulig effekt av iverksette tiltak og ber om meir informasjon i neste styremøte om årsaker og forventa effekt av tiltaka.

### **Vedtak [samrøystes]**

1. Styret i Helse Fonna HF tar rapport frå verksemda til etterretning
2. Styret ser alvorlig på den økonomiske situasjonen og ber administrasjonen om informasjon i neste styremøte om årsakene til resultatet så langt i år og forventa effekt av tiltak.

### **Sak 61/17 Risikorapportering 2. tertial**

#### **Oppsummering**

Føretaksgruppa i Helse Vest har, etter pålegg i oppdragsdokument og styringsdokument, sidan 2009 gjennomført regelmessig, systematisk overordna risikostyring. Første rapportering for 2017 var i sak 34/17 på styremøte 28.04.17.

Tre risikoelement har skifta farge frå gul til grøn frå første tertial. Fem element har fått redusert sannsynlegheit og tre har fått redusert konsekvens. For andre tertial er 6 av 25 risikoelement i grøn sone og 16 risikoelement i gul sone.

Tre risikoelement er rauda i andre tertial. To gjeld den gylne regel, at veksten i kostnadar og årsverk ikkje er høgare innan psykisk helsevern og TSB enn innafor somatikken. Eitt av risikoelementa i raud sone gjeld pasienttryggleiksprogrammet (at pasientar ikkje får samstemming av si legemiddelliste ved inn og utskriving).

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Fonna HF tar risikorapportering 2. tertial til etterretning

## **Sak 62/17 Riving av bygningar**

### **Oppsummering**

Gjennomføring av prosjekt Bygg2020 krev at følgjande bygg blir rive:

Styret i Helse Fonna HF gir si tilslutning til riving av Breidablikgata 53, Karmsundgate 120 B (Toppen), Henrik Ibsens gate 60 (Bråsteintunet), Henrik Ibsens gate 61, Henrik Ibsens gate 63, Henrik Ibsens gate 57 og Henrik Ibsens gate 70 (p-hus) samt ein del av psykiatrisk bygg (Karmsundgaten 120) for å leggje til rette for nybygg.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Fonna HF gir si tilslutning til riving av Breidablikgata 53, Karmsundgate 120 B (Toppen), Henrik Ibsens gate 60 (Bråsteintunet), Henrik Ibsens gate 61, Henrik Ibsens gate 63, Henrik Ibsens gate 57 og Henrik Ibsens gate 70 (p-hus) samt ein del av psykiatrisk bygg (Karmsundgaten 120) for å leggje til rette for nybygg.

## **Sak 63/17 Utviklingsplan Helse Fonna**

### **Oppsummering**

Som del av iverksettinga av Nasjonal helse- og sjukehusplan, Meld.St.11 (2015-2016), skal alle helseføretak utarbeida utviklingsplanar i tråd med rettleiaren som Sykehusbygg HF i samarbeid med dei regionale helseføretaka har utarbeida etter oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet (ref. vedlegg). Nasjonale føringar gjennom stortingsmeldingar og føreskrifter og føringar frå føretaksmøter skal leggjast til grunn for arbeidet. Utviklingsplanen skal vidare utarbeidast i tråd med regionale føringar i Helse Vest sin strategi Helse 2035.

Prosjektlear Reidun Mjør orienterte om målsetting, forslag til mandat, planperiode og prosjektorganisering.

Det ble kort informert om arbeidet med «Tiltaksplan til Helse2035»

### **Vedtak [samrøystes]**

1. Styret i Helse Fonna HF vedtek mandat og organisering av prosjekt for utviklingsplan
2. Styret i Helse Fonna HF gjer si tilslutning til framdriftsplan og ber om å bli jamleg informert om arbeidet med utviklingsplanen

## Sak 64/17 Årsplan for styret i Helse Fonna 2018

### Oppsummering

I forslag til møteplan er det planlagt åtte styremøter og to styreseminar for styret i Helse Fonna HF. Eit møte er føreslått om det skulle bli behov (mars 2018). Det er i planen tatt omsyn til møteplan for Helse Vest RHF og tidspunkt for verksemdstal.

### Vedtak [samrøystes]

Styret vedtek møteplan for styret i Helse Fonna HF 2018

### Møteplan 2018 for styret i Helse Fonna HF

Månad	Dag/dato	Aktivitet	Stad	Merknad
Januar	Fredag 12.01.18	Styremøte	Haugesund	Kl. 09.00 – 12.00
Mars	Onsdag 07.03.18	<b>Evt.</b> styremøte ved behov	Stavanger	Kl. 13.00 – 18.00 Middag om kvelden
Mars	Torsdag 08.03.18	Styreseminar RHF-styret og HF-styra	Stavanger	Kl. 09.00 – 16.00
April	Onsdag 04.04.18	Styremøte Evt. fellesmøte med Helse Vest kl. 17-19 (?) Skal avklares med Helse Vest	Haugesund	Kl. 13.00 – 16.30 Evt. middag om kvelden
April	Torsdag 05.04.18	Evt. fellesmøte med styret i Helse Vest RHF Skal avklares med Helse Vest	Haugesund	
Mai	Mandag 28.05.18	Styremøte	Odda	Kl.13.00 – 16.30
Mai	Tirsdag 29.05.18	Styreseminar	Ullensvang	Kl. 09.00 -  12.00
Juni	Torsdag 21.06.18	Styremøte	Haugesund	Kl. 09.00 – 14.00
September	Torsdag 27.09.18	Styremøte	Haugesund	Kl.09.00 – 14.00
Oktober	Torsdag 04.10.18	Styreseminar RHF-styret, HF-styra, AD i HF-a og RBU deltek	Stavanger	
Oktober	Fredag 26.10.18	Styremøte og styreseminar	Stord	Styremøte kl. 09.00 – 12.00 Lunsj kl. 12.00 – 13.00 Styreseminar kl. 13.00 – 16.00

				Evt. middag kl. 16.30
November	Torsdag 29.11.18	Styremøte	Haugesund	Kl. 09.00 – 14.00
Desember	Mandag 17.12.18	Styremøte	Haugesund	Kl. 09.00 – 14.00

## Saker til orientering

### Sak 65 /17 Forsking og innovasjon i Helse Fonna

#### Oppsummering

Fagdirektør Haldis Lier orienterte.

Forsking er ei lovpålagt oppgåve definert i Lov om spesialisthelseteneste. Helse Fonna HF har prioritert oppbygging av forskingskompetanse innan somatikk og psykisk helsevern. Helse Fonna vil i det vidare forskingsarbeidet legge til grunn den nasjonale strategien **HelseOmsorg21** og Helse vest sin strategi for forsking (2016-2020) i seksjonen for forsking og innovasjon i føretaket.

I tråd med nasjonale føringar (HelseOmsorg21) som er presentert i tidlegare styresak 25.09.15) vil Helse Vest og Helse Fonna vektlegge brukarmedverknad og ha fokus på forskinga si nytteverdi ved tildeling av forskingsstipend og ved finansiering av forskingsprosjekt.

Det er i 2017 gjort ein gjennomgang av internkontroll og rutinar, for å gjere desse lett tilgjengelege for forskarane.

Webløysinga Idémottaket blei etablert i 2016. Totalt ni idear har til no vore innmeldt til Idémottaket.

Våren 2016 disputerte to av medarbeidarane for doktorgraden ved UiB. Dette var dei to første sjukepleiarane som har disputert i Helse Fonna. I 2017 er fire doktorgradsprosjekt under fullføring.

Til no i 2017 har Helse Fonna 55 publikasjonar. Alle er vitskapelege artiklar. Ni publikasjonar er publiserte i Nivå 2-tidsskrift og 46 publikasjonar er publiserte i Nivå 1-tidsskrift.

Ein viktig del av forskingsoppdraget er formidling av forskinga. I tillegg til vitskapelege publikasjonar deltok våre forskarar med poster/abstrakts på forskingskonferansar, heldt



populærvitenskaplege foredrag, samt publiserte kronikkar, artiklar i ikkje-vitenskaplege tidsskrift etc

Forskningsstrategien for Helse Fonna 2016-2020 blei vedteken i desember 2015 og ein handlingsplan for å følgje opp strategien er utarbeidd.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Fonna HF tek saka til orientering.

### **Sak 66 /17 NPE –saker i Helse Fonna Oppsummering**

Norsk pasientskadeerstatning (NPE) skal sikre pasientar som har fått skade etter feilbehandling erstatning for økonomisk tap og varige mein. Dei siste fem åra er det utbetalt 3,4 milliardar kroner i erstatning til pasientar og pårørande syner ein ny rapport utarbeida av NPE. \*

Erstatningssummen vert fastsett etter allmenne erstatningsrettslege reglar. Erstatningsutmålinga er individuell, og skal først og fremst dekke direkte tap eller utgifter ein har fått som følgje av skaden. Dersom skaden er varig og omfattande, kan ein i tillegg ha rett til meinerstatning.

NPE tok imot 3579 saker i 2016, ein reduksjon på 3 prosent frå 2015. Helse Vest hadde ein liten auke i saker frå 2015 til 2016, medan det for Helse Fonna var stabilt i tal på saker frå 2015 til 2016.

Tal for heile landet viser at 26% av sakene fekk medhald i 2016. I Helse Vest fekk 24% av sakene medhald og i Helse Fonna 20%.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Fonna HF tar saka til orientering

### **Sak 67/17 Eventuelt Skriv og meldingar**

#### **Skriv og meldingar**

1. Årsplan for styret i Helse Fonna 2017
2. Protokoll frå styremøte i Helse Vest  
04.04.17
3. Protokoll frå styremøte i Helse Vest

11.05.17

4. Retningslinjer for praktisering av bierverv i Helse Fonna HF

Vedlegg 1 Vurderingsskjema ved søknad om bierverv

Vedlegg 2 Bierverv Helse Fonna HF Personalhåndbok

Vedlegg 3 Bierverv Hjelpetabell

5. Brev frå brukarutvalet i Helse Fonna

6. Oppfølging av internrevisjon av «Planlegging for gevinstrealisering i byggeprosjekt»  
Vedlegg: Handlingsplan

7. Protokoll frå føretaksmøte i Helse Fonna HF 12.06.17

8. Førebels inntektsfordeling og resultatkrav 2018

9. Brev frå HOD til Helse Vest RHF Oppdragsdokument 2017 – tilleggskdokument etter  
Stortingets behandling av Prop. 129S

Skriv og meldingar blei tatt til orientering.

Ref. Ingebjørg Kismul  
29.09.17

---

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
----------------------	------------

---

Brian Bjordal	Nestleiar
---------------	-----------

---

Liv Kari Eskeland	Medlem
-------------------	--------

---

Hilde Brit Christiansen	Medlem
-------------------------	--------

---

Gunnar Birkeland	Medlem
------------------	--------

---

Solfrid Borge	Medlem
---------------	--------

---

Nina Budal	Medlem
------------	--------

---

Pål Osjord Midbøe	Medlem
-------------------	--------

---

Tove Martha Callaghan	Medlem
-----------------------	--------

---

Helge Espelid	Medlem
---------------	--------